

Elveførar for Sogn og Fjordane



(Råimsdalselva)

Førord

Trass i at det er utruleg mange fine elver i fylket og er det få padlarar. Dette har gjort til at det til no ikkje har eksistert noko utgitt elveførar, og mange av elvene her er få som har padla eller veit om. Eg vonar med denne føraren å hjelpe folk til å nyte dei elvene vi har her og kanskje fleire vil ta del i sporten.

Som i alle padleførarar er vanskelegheitsgrada ei subjektiv vurdering. Eg har prøvd å diskutere med dei andre eg har padla med om ein fornuftig gradering. Uansett er kvar padlar sjølv nødt til å sjølv vurdere farane og denne føraren kan innehalde feil og er kun berre ein peikepinn og eit hjelpemiddel.

Få av elvene er har fungerande målepinnar slik at eg har basert med på eit ”låg, medium og høgt” system når det gjeld vannstand. Å vurdere dette må verte opp til den enkelte som å til dømes sjå på vegetasjon og elveranda. Ein del av desse elvene kan ein supplere med informasjon frå andre elveførarar.


På flaum og ekstrem vannstand gjeld ikkje lenger informasjonen i denne føraren.

Noko som er viktig når det gjeld vannstanden i dei elvene vi har i Sogn og Fjordane er at mange av dei er breelver. Dette gjer at på ein heit sumardag kan til dømes Storeelva stige 30cm på eit par timer. Ein kan faktisk merke den stige når ein padlar heile elva.

Om nokon er ueining, finn feil eller har ein betre førar er dei velkommen til å ta kontakt eller erstatte denne.

Ronny Løland, 12/8 2009

Elveførar Sogn og Fjordane



1. Jølstra: 3-4+(5-)
2. Gaula: 3-4-
3. Sørrelva: 2+
4. Angedalselva
 - a. Øvre: 3
 - b. Nedre: 4
5. Lølandselva: 2-2+(3-)
6. Selsengselvi: 2-3+
7. Sogndalselva: 3-5 (5+)
8. Sogndalselva – ettermiddagsstrekke : 3-4+
9. Råimsdalselva: 2-3+
 - a. Øvre: 3(+)
 - b. Nedre: 2-3+
10. Vetlefjordelva: 2- 4 (5)
11. Storelva: 3-4 (5-)
12. Oldenelva: 3
13. Ytredalselva: 3+

14. Stardalselva

- a. Øvre: 2-3
- b. Nedre: 2-3+
- c. Heile (midtre): 2-5(5+)

15. Våtedalselva: 3

16. Jostedalelva – Raftstrekke: 3+/4

17. Mørkridselva: 3-4

18. Hoddevika: 2

19. Ervika: 2

20. Refvika: 2

1. Jølstra

Grad: 3-4+ (5-)

Vannstand: Målepinne elv høgre ca 600m frå Vassenden nedstraums (v/ det brune huset ved hovudvegen).. Mellom 75-150cm er bra.

Sesong: April - Oktober

Put-in : Vassenden

Take-out 1 : Statoil

Take-out 2: Steinbrua

Take-out 3: Moskog (fyrste grusveg til høgre etter Jølster kommuneskiltet om ein kjem frå Førde)

Jølster Rafting har daglege turar om sumaren og det er lett å fa haik med dei.

Distanse: 9km

Beskriving: Veldig bra elv som har stabil vassføring gjennom heile sesongen pga det store Jølstravatnet. Kan nærmast padlast uansett vannstand og mesteparten kan synfarast frå veg. Ein kan padle heile elva eller strekker av den.

Padlar ein heile elva set ein ut ved på Jølstravatnet ved Vassenden. Frå der er det 800m med grei 3'ar padling og ein ender opp i Tyskarhølen. Det ein treng å vere obs på er kraftig valse ca 400 meter etter Vassenden som kan vere vanskeleg å oppdage i elva. Denne kan lett unngåast ved å padle elv venstre. Det er og ei valse før Tyskarhølen, der kan ein og padle elv venstre/innsersvingen. Frå Tyskarhølen er det ein del lettare, men fine stryk heilt til ein kjem ned til Statoil-stryka (før campingplassen). Dei kan synfarast på elv høgre. Det er 3'ar stryk, det er ein del stein og grunt.

Etter det roar elva seg om lag 1 km før ein kjem til Perleporten (Kvamsfossen), eit av dei større stryka på elva. Her gjer elva ein venstresving og delar seg i tre løp. Dei to til venstre endar i ei kraftig og farleg valse, men høgre løpet er alltid padlbart. Stryket kan lett synfarast frå vegen, og /eller bærast rundt på holmen på venstresida før stryket. På vannstand under 85 blir steinen i høgreløpet underspylt

så ein må halde godt høgre. På denne vannstanden kan ein padle midtre -og venstreløpet etter nok synfaring.


Etter dette er det litt småstryk før ein kjem ned i Kvitedraumen som er eit nydeleg 4 (4+) stryk. Enkel å synfare frå brua som går over mot Kvammen. Her må ein vere obs på Harryvalsa midt i stryket og ei valse i enden elv høgre for hølet. Dei padlast/unngåast enklast på elv venstre.

Etter Kvitedraumen (Kvamshølen) deler elva seg i to (løpet heilt høgre er upadlbart) rundt ei øy. Her kan ein enten padle eit lettare løp til venstre (3) eller det vanskelegare (4-4+) til høgre. Når elva har gått saman igjen er det eit lettare strekke før ein kjem til Steinbrua, men ein må halde til elv venstre for å unngå ei kraftig skråvalse ca 400 meter ned i elva.

Steinbrua (brua over mot Slåtten) er eit mogleg take-out punkt. Partia som følgjer er dei teknisk vanskelegaste på elva 4-4+ (5-). Elva fortsett med nokre småstryk før ein kjem til Droppet. Det er lett å synfare eventuelt bære forbi. Anbefalar å bære forbi på elv høgre. Droppet har eit fall på 1.5 meter med ei kraftig valse på elv venstre. På vassføring opp til 120 er det lettast å boofe over steinen/berget på elv høgre. På høgre vannstand er det betre å snike seg ned på elv venstre.

Etter Droppet er det ganske tett med 3-3+ stryk før ein kjem ned til Svingen. Svingen er lett å synfare/bære på elv-høgre. Svingen er eit S.forma stryk med ein del stein, nokre valser og høg fart. Når det har roa seg etter svingen bør ein halde heilt elv høgre, spesielt på høg vannstand for å unngå ei stygg/farleg valse på venstre sida.

Etter dette påfølgjer eit parti rolegare stryk før ein kjem til Bonusen (stryket under brua mot Grimsbø) som er nydeleg padling 3+/4 i store bølgetog før ein ender i eit stort basseng. Frå bassenget er det roleg ned til take-out.



(dei fyrste 800 m stryk etter Vassenden)



(Perleporten)

Stryk:

1. 800m, grad 3-3+, m/forvasken midt i.
2. Tyskarhølen, grad 3-3+
3. Statoilstryka, grad 3-3+
4. Kvamsfossen, grad 4-4+
5. Kvitedraumen, grad 4-4+
6. Venstre løp rundt øya, grad 3+
7. Høgre løp, grad 4+
8. Skråvalsa
9. Droppet, grad 4+
10. Svingen, grad 4-5-
11. Bonusen, grad 4



Nybyrjarstrekke:

1. Tyskarhølen og ned til Statoil-stryka.
2. Frå(og med) bonusen til take out.

Leikeplassar:

1. Steinbrua (brua mot Slåtten): Ok surfebølgjer ved rett vannstand og store bakevjer.
2. Moskog/Kulpen: Ta av mot Viksdalen i Moskogkrysset, og ta fyrste grusveg til høgre etter brua. Kjør om lag 500 m, parker ved ei gruslomme på venstre sida av vegen.

Har eit fint bakevjesystem der nybyrjarar kan trene og nokre bølgjer og valser nedanfor som er egna til leik.



(Kvitedraumen)

2. Gaula

Grad: 2-3 (4-)

Vannstand: Alltid padlbar

Sesong: April-Oktober

Put-in 1: Nedanfor Fossfossen

Put-in 2: Ved dei store bøane på høgre side av RV610, ca 2km frå Sande sentrum.

Take-out 1: Sande sentrum elv venstre ved Sparebanken

Distanse: 3,5Km

Beskrivelse: Fin og stabil elv. Om ein set ut under Fossfossen må ein padle nokre 4- stryk i eit juv. På høg vassføring vert det ”hissig” i juvet. Når ein kjem fram til der elva deler seg rundt øya kan ein snike seg ned høgre løpet eller padle bølgetoget på elv venstre. På elv venstre kan det danne seg nokre høge brytande bølger og nokre valser på høgt vatn.

Set ein ut frå Put-in 2 kan enten sette ut ved det høgre løpet rundt øya eller traske ned til bøane og sette ut der elva går saman igjen. Her er det artig 3'ar padling i store bølger før elva roar seg i nokre store bakevjer. Resten av elva er roleg med nokre medium 2+ stryk inn i mellom. Når ein byrja å nærme seg sentrum kjem ein til eit stryk med ei fin leikevalse/surfebølge på rett vannstand.

Elva er ei fin nybyrjar elv.

Leikeplassar: Bølge/valse ca 500m før sentrum.

3. Sørrelva

Grad: 2+

Vannstand: Vår eller etter ein del regn

Sesong: April - Oktober

Put-in : Ca 2km frå Storebru (frå Florø mot Førde på RV5). 4. avkjørsla til høgre frå brua på hovudvegen Ein køyrer ned til nokre gardar og kan sjå elva frå vegen. Set ut ved brua til bøen.

Take-out: Fyrste veg til høgre etter brua på hovedvegen (frå Florø mot Førde)

Distanse: 2km

Beskriving: Veldig fin nybyrjar elv. Mykje fine, men lette stryk. Hugs bompengar (40kr?)

4. Angedalselva

Øvre:

Grad: 2-3 (+)

Vannstand: Når det ser ut til at ein kan padle Sjukehusfossen

Sesong: April – Oktober, treng litt nedbør

Put-in: Køyr nesten heilt inn i Angedalen, ca 11km frå brua. Ta fyrste grusveg til høgre etter ein markant skredvoll. Grusvegen/traktorvegen går ned til ei bru over elva. Put-in der.

Take-out: 1,5 km frå put in. Grus veg ned til høgre ved Eikeland når ein kjem frå Førde. Grusvegen går over ei ny bru og går markant opp i terrenget i granskogen.

Distanse: 2,5km

Beskriving: Nydeleg 3'ar boulderstryk. Stryka byggjer seg gradvis opp og ein må jobbe seg ned mellom fine rundslipte steinar og trange passasjar.



Nedre:

Grad: 4

Vannstand: Når det ser ut til at ein kan padle Sjukehusfossen

Sesong: April – Oktober, treng litt nedbør

Put-in: Markant linjespenn-sammankomst ca 2-3km frå sjukehusfossen, parker på grus lomma og trask over bøen ned til elva.

Take-out: Gå i land på elv venstre etter siste stryket under brua etter Sjukehusfossen.

Distanse: 2,5 km

Beskriving: Fin 4'ar creeking ned sklier og tronge juv. Må bære forbi eit stryk om lag midt i turen. Ein avsluttar turen etter Sjukehusfossen og sklia under brua. NB: om ein vil padle Sjukehusfossen sjekk alltid om det er folk i bassenget. Det er ein populær badestad om sommaren. Og fossen er grunn så ha ein god boof.

Alle stryka er lette å synfare.

Om ein vil kan ein padle heile Angedalselva. Det er nokre fine stryk om ein tek heile elva, men det er langt mellom dei og stortsett roleg grad 1-2+.

Tips: Både put-in (nedre)og take out er ypperlege fridykkingsplassar. Under sjukehusfossen står det ofte 10kg laks og under fossen i Put-in på nedre del er det store gjettegryter fulle i fisk skjult under vatnet.

5. Lølandselva

Grad: 2+ (3-)

Vannstand: Om våren og etter regn

Sesong: Heile året

Put-in : Ca 11km frå Lavik mot Leirvik over Lavikdalen . Sett ut etter etter Kvernhusfossen (markant foss, med nokre steinmurar nedanfor), eventuelt over. Fossen kan skrapast ned på elv høgde.



Take-out : Espelandsvatnet. Padle rundt øya og tilbake til veggen. Ca 2 km frå put-in. Veldig markant småbruk på ei halvøy. Gå i land der løypestrengen kjem over. Kan stå parkert ved ei stor gruslomme.

Distanse: 2,5 km



Beskriving: Artig 2+ (3-) padling. Ganske rett fram, men nokre artige stryk. Etter Kvernhusfossen er det ei lang sklie som endar i eit lite basseng. Så er det litt skraping nedover til elva deler seg i to løp. Løpet til venstre anbefalast og har eit lite drop på 1m. Etter dette eit 2+(3-) stryk med der ein må gjere ein s-sving før ein endar i eit lite basseng. Herifrå er det eit roleg parti til ein padlar under brua på hovudvegen, her er eit enkelt stryk. Etterpå eit nytt roleg parti før ein kjem til to nye sklier. Siste er veldig artig om vatnet er blitt tappa (er regulert). Lett å synfare heile elva. Artig nybyrjarstrekke ein kan ta eit par turar i.





(Siste sklia i Lølandselva)

6. Selsengelvi

Grad: 2-3+

Vannstand: Om våren eller etter regn

Sesong: April/mai - Oktober

Put-in 1: Ta av mot Småteig når ein køyrer RV 5 frå Sogndalen mot Frudalstunnelen.(Då kjem ein over mot den austre vegen på Dalavatnet.) Ta fyrste veg (grusveg) til venstre og køyr den beint fram til ein kjem til elva litt forbi Nysete.

Put-in 2: Alternativt kan ein padle Frudalselva og. Då kan ein parker ved tunnelen alternativt avkjørsla til venstre før tunnelen (frå Sogndal) Det er eit steinete stryk 4- ein kan padle eller sette ut under. Om ein er gira kan ein slepe båten inn i Frudalen og padle nokre stryk der og. Treng då mykje vatn og ta ut i god tid før siste fossen før vegen.

Take-out : Køyr ned til Steinane, nokre hytter ved innløpet til Dalavatnet.

Distanse: 3-5km

Beskrivelse: Om ein vel å padle Frudalselva og må dette gjerast på høg vassføring ellers vert det mykje skraping. Frå put-in 2 er det ein del fine 3'ar stryk som er lette å synfare. Greitt ettermiddagsstrekke i Sogndal.....

7. Sogndalselva

Øvre:

Grad: 4-5

Vannstand: medium

Sesong: April-Oktober

Put-in 1: Utløpet til Dalavatnet

Put-in 2: Ta av mot "Kolsette" til høgre(Sogndal-Førde) frå hovudvegen, sett ut under brua.

Take-out: Før brua der hovedvegen kryssar elva. Grus veg til høgre etter brua (Sogndal-Førde).

Distanse: 5km

Beskriving: Utruleg fin 5'ar padling. Masse sklier og små dropp. Mesteparten av strekke kan synfarast frå kajakken, men ein del plassar der elva berre "forsvinn" bør synfarast. anbefalar bæring etter ca 3,5km frå Dalavatnet. Elva forsvinn ned ei sklie på elv høgre ut frå eit middels basseng. (Dette bassenget er enden på det påfølgjande stryket etter ein har padla eit markant 1,5m drop). Dette stryket har ei valse i botn og er underspylt (glippe i fjellet) på elv venstre. Bæring over berget på elv venstre. Kan putte ut rett etter sklia. Ellers er det eit tips at det er ei keisam bæring opp av juvet om ein avbryter når ein har komme eit stykke nedi. Mykje tett granskog, busker og kratt.

Nedre:

Grad: 5 (5+)

Vannstand: medium

Sesong: April - Oktober

Put-in : Grus veg til høgre etter brua der RV5 krysser elva. NB!: Der stryket går under brua er det underspylt på elv venstre!!!.

Take-out 1: Omlag 4km frå brua der RV5 kryssar Sogndalselvi. Køyr ned til ein kraftstasjon. Ein kan ta ut før den på elv venstre. Ein kan eventuelt ta ut litt før på ein traktorveg som går den til elva ca 500m før kraftstasjonen.

Eller ein kan fortsette heilt til fjorden. Då må ein pårekne nokre bæringar og nokre 5+ (6) stryk.

Take-out 2: Fjorden

Distanse: 5km

Beskriving: Kvass 5'ar padling ca 1-1,5km før dei vekjente trippeldroppa. Elles les ettermiddagsstrekke.



(bassenget under siste droppet, og put in ettermiddagstrekket)



(trippeldroppa i nedre del)

8. Sogndalselva ettermiddags-strekke

Øvre:

Grad: 2-3+

Vannstand: medium til høg

Sesong: April - Oktober

Put-in 1: Ved utløpet til Dalavatnet

Take-out : Før brua. Ta av mot Kolsette frå hovudvegen (RV5) og då køyrer ein over ei bru for å køyre på den austre vegen opp mot Dalavatnet.

Distanse: 2 km

Beskriving: Eit par fine 3'ar stryk, og alt kan synfarast frå vegen. Roleg i starten for så å ta seg opp før fyrste brua. Deretter er det ganske roleg før eit nytt strykparti kjem. VIKTIG å ta ut i god tid i nokre av dei små bakevjene på elv venstre før brua (over til Kolsette) ellers må ein bryne seg på eit 4-5'ar parti som ein ikkje vil havne i på høg vannstand!!



(Øvre ettermiddags-strekket på høg vannstand)

Nedre:

Grad: 3-5-

Vannstand: låg-medium. IKKJE høg!

Sesong: April - Oktober

Put-in 1: Ta av til høgre på RV 5 før brua der hovudvegen kryssar Sogndalselva (frå Frudalen mot Sogndal). Og køyr grusvegen om lag 1 km mot Sogndal. Parker ved ei markant hengebjørk ved nokre bøar. Her ifrå kan ein rusle ned til dei vidgjetne trippeldroppa og sette ut i bassenget etter dei. Ein må ofte fire båtane ned siste delen om det er vått.

Take-out 1: Om lag 2.8 km på RV5 frå brua der hovudvegen kryssar Sogndalselvi. Køyr fyrste til venstre etter eit markant linjespenn og det er skilta Kløv. Der kan ein parkere, og gå under ein undergang og ned på ein bø til elva.

Når du er i elva bruker du same linjespennet som take-out referanse. Ta ut på elv venstre.

Distanse: 3km

Beskriving: Typisk Sogndalselvs creeking. Startar i eit juv, men nokre 3+ stryk, nokre små boof'ar og nokre 4-4+ stryk. Enkelt å synfare på begge sider av elva etter kvart. Ikkje plassen å vere på høg vannstand!.



(ettermiddags-strekket Sogndalselva, nedre del)



(Nedre ettermiddags-strekke på fin vannstand)

Take-out 2: Omlag 4km frå brua der RV5 kryssar Sogndalselvi. Køyr ned til ein kraftstasjon. Ein kan ta ut før den på elv venstre. Ein kan eventuelt ta ut litt før på ein traktorveg som går den til elva ca 500m før kraftstasjonen.

Distanse: 4,5 km



(ingen skam å bære rundt her!!(bæring elv høgre))

Beskrivelse: Klassisk Sogndalselv creeking. Ein fortsett forbi take-out 1 og fortsett ned nokre små stryk før ein kjem til eit ein må bære forbi. Ein tek då ut på elv høgre ved eit stort berg. Ta ut i god tid. Her smalnar elva ned i ei renne (med eit tre i) og vert spylt 90grader ned i ei valse. Enkelt å bære forbi over berget.

Resten nedover er ein del 4+ og 5- stryk med eit høgdepunkt. Eit superfint, mjukt 2 meters dropp i eit stort basseng.

Dette stykke av elva er lett å synfare, men bør IKKJE padlast på høg vannstand!!.

9. Råeimsdalselva

a) Øvre

Grad: 3+

Vannstand: låg - medium

Sesong: April - Oktober

Put-in : Utløpet til Haukedalsvatnet, går ei bru over elva frå hovudvegen.

Take-out : Ved eit minikraftverk på elv høgre. Liten traktorveg opp til hovudvegen. Ta ut i god tid før Vallestadsfossen!!. Om ein vil fortsette direkte på nedre del er det lett bæring ned bøen på høgre sida av fossen.



(Vallestadsfossen)

Distanse: 1,5km

Beskriving: Fin 3+ creeking

b) Nedre

Grad: 2-3

Vannstand: Regulert frå kraftstasjonen, og kan alltid padlast.

Sesong: April – Oktober.

Put-in : Etter Vallestadsfossen, veg ned til kraftstasjonen.

Take-out : Innløpet til Lauvavatnet, kan parkere ved ei busslomme.

Distanse: 3 km.



(Vallestadsfossen)





(Partiet mellom Lauvavatnet og Viksdalsvatnet)



Beskriving: Fint nybyrjarstrekke, enkel, men morosam padling.

Om ein vil padle meir kan ein padle eit kort strekke mellom Lauvavatnet og Viksdalsvatnet. Dette strekket er eit 3-5 strekke med ein stor foss på slutten som er litt kinkig å padle. Anbefalast å padle den i midten, men start på elv høgre. Put-in og takeout er i ut- og innløpa til desse vatna.

10. Droppa i Vetlefjordselva

Grad: 4

Vannstand: låg - medium

Sesong: April - Oktober

Put-in : Når ein køyrer opp eller ned svingane i Gaularfjellet køyrer ein over ei bru med ei parallell gammal steinbru som går over elva. Her kan ein parkere på ei stor gruslomma og følgje elva nedover.

Take-out : Vetlefjorden, eller før

Distanse: 0,5 – 6 km

Beskriving: Når ein følgjer elva nedover frå parkeringsplassen kjem ein til 3 fine utvaska runde dropp. Eit på 2m, 5m og 7m som går ganske fortløpande. Alle desse tre er ganske grunne og har ikkje så mykje luftbobler på lite vatn slik at ein kan få litt harde landingar. Dei fyrste partia etterpå bør ein synfare godt eller bære forbi om ein ynskjer å fortsette ned elva. Siste delen er flat padling.

Om ein ikkje vil padle er det en ypperleg plass å ete lunsj!!

11. Storeelva

Grad: 3-4 (5)

Vannstand: Breelv

Sesong: April - Oktober

Put in 1: Utløpet til Bergheimsvatnet. Fin gruslomme ved vatnet før brua.

Put in 2: Elva (Myklebustdalselva) som renn gjennom Byrkjelo sentrum.

Take-out: Breimsvatnet, parker ved camping.

Distanse: 8 km

Beskriving:

Om ein sett ut i Bergheimsvatnet er det roleg 2km ned til fyrste stryket ei bru (denne brua har ein målepinne). Dette er ein foss og linjene ein bør padle varierer veldig med vannstanden, men kan ofte snikast på elv venstre. Det kan verte betre og artigare å sette ut i Myklebustelva som renn gjennom sentrum. Denne kan ein vandre eit stykke opp i før ein sett ut om ein vil.

Videre ned elva er det grad artig 2-4 padling (kjem an på vannstanden) før ein kjem til ei 4-5'ar sklie. Kan synfarast/bærast på elv venstre. Deretter kjem ei ny sklie. NB! Denne er underspylt på elv høgre!! Lenger nede kjem eit stryk som går ned ein gammal demning. Kan synfarast og bærast på elv venstre. Etter dette kjem det siste 4+/5 stryket rett etter ei bru. Ta ut i god tid og synfar dette stryket. Fordi det endar i ein haug med steinar. På låg vassføring kan ein snike seg ned frå bakevja til bakevje og synfare frå kajakken.

Etter dette er det roleg til ein kjem ut i vatnet. Herifrå er det berre å padle rundt neset og inn til campinga.



12. Oldenelva

Grad: 2-3

Vannstand: Kan padlast uansett. (breelv, varierer heile dagen.)

Sesong: April - Oktober

Put-in : Etter Laukifossen, ved ein traktorveg (fyrste til venstre etter fossen mot sentrum) som går ned over ein bø på elv høgre.

Take-out : Olden sentrum, v/handlesenteret etter Oldenbrua

Distanse: 4 km

Beskriving: Fint strekke i storslåtte omgjevnadar. Padlinga er enkel, men ein bør halde elv venstre i starten for å unngå ei valse. Samt vere obs på at det går kryssvajer under begge gangbruene som går over elva. Ved høg vannstand må ein leggje seg godt ned for å komme under.

Leikeplass: På slutten av elva nær sentrum går det ei eldre bru over elva. Her dannar deg seg ei stor grøn bølge på høg vannstand.

13. Ytredalselva

Grad: 2-3(+)

Vannstand: Vår og etter regn

Sesong: Heile året

Put-in : Ytredalslonene, utløpet til vatnet.

Take-out : Vadheimsfjorden

Distanse: 3 km

Beskriving: Varierend grei creeking. Bør påregne seg nokre bæringar og vere obs på eit underspylt parti under eine brua.

14. Stardalselva

Øvre:

Grad: 2-3-

Vannstand: Uansett vannstand (Breelv)

Sesong: April-Oktober

Put-in : Parker ved Stardalen sommarkafe, Gå 300 m opp elva og set ut. Då får ein padle sklia under brua.

Take-out : Vanleg raftestrekke er å ta opp etter Flatjord brua. Ca 1 km nedanfor sommarkafeen.

Distanse: 1km

Beskriving: Artig sklie under brua mot Lyngstad, ellers lett, men fin grad 2+ padling

Nedre:

Grad: 2-3+

Vannstand: Låg, medium, høg (breelv)

Sesong: April-Oktober

Put-in: Ca 2,3 km frå krysset av hovedvegen (E39) og set ut eit stykke over Heggheimsbrua.

Take-out: Ca 1,1 km frå krysset av hovedvegen (E39), her går elva tett ved vegen. Om ein vil kan ein drive ned i Våtedalen og padle Våtedalselva og.

Distanse: 2 km

Beskriving: Artig 3'ar padling spesielt på høgt vatn. Under Heggheimsbrua blir det ei stor bølge på høg vannstand. Detetter er det ganske roleg i flotte omgjevnadar før siste stryket. Det er eit artig S-forma stryk, etter det roar elva seg. Leikeplass: Ca 700 meter etter Heggheimsbrua er det ein høl med ei fin valse til surfing og leik.

Midtre:

Beskriving: Ein kan padle heile elva, men det er ein del tekniske stryk som moglegvis er (mykje upadla?) grad 5. Ein markant foss ca ein kilometer frå Flatjord er padla. Den er dog noko grunn. Ein del skarp stein.

15. Våtedalselva

Grad: 2-3

Vannstand: Låg, medium, høg. (breelv)

Sesong: April-Oktober

Put in: Parker på gruslomma ved brua der hovudvegen E39 kryssar elva. Sett in før brua eller tidlegare..

Take-out: Mange fine gruslommer nedover etter kor langt ein vil padle.

Distanse: 2-4 km

Beskriving: Fin nybyrjarelv i flotte omgjevnadar. Nokre små tekniske stryk, men mykje flat og rett fram. Enkel synfaring.

16. Jostedalselva

Raftestrekket:

Grad: 3

Vannstand: Låg – medium (breelv)

Sesong: Juni – September

Put-in: Ved Jostedal Camping

Take-out: 6 km nedanfor, enkelt å ta ut ved vegen overalt.

Distanse: 6 km

Beskriving: Kald, men fin elv, ein del i juv , klasse I, II og III.

Snakk med raftingselskapet om meir info.

Om ein vil kan ein padle andre strekker, men då er det mykje grad 5(+) eller flatt. Og på varme dagar er det mykje grums i elva, samt at det er ein del stygge underspylingar, skarp stein og tersklar.

17. Mørkridselva

Grad: 3 -4

Vannstand: Låg – medium (breelv)

Sesong: Juni – September

Put-in: Ved slutten av bilvegen så langt opp i dalen du kjem

Take-out: Ved fjorden, i Skjolden sentrum

Distanse: 10 km

Beskriving: Fin klasse 3-4, grad varierer veldig med vannstanden.

18. Hoddevika

Grad: 2

Sesong: Heile året

Put-in: Hoddevika strand, Selje

Beskriving: Bølgjesurfing. Bølgjevarsel: <http://www.stadsurfing.com/bolgevarsel.html>

19. Ervika

Grad: 2

Sesong: Heile året

Put-in: Ervika strand, Selje

Beskriving: Bølgjesurfing, ver merksam på båtvraket midt på stranda!!! Bølgjevarsel: <http://www.stadsurfing.com/bolgevarsel.html>

20. **Refvika**

Grad: 2

Sesong: Heile året

Put-in::Refvika strand, Vågsøy

Beskriving: Bølgesurfing, noko mindre forhold her enn i Hoddevika og Ervika, kjem an på bølgeretninga.